



Nordplan AS  
Tlf: 57 88 55 00  
post@nordplan.no  
www.nordplan.no

I Vadheim har folketalet falle og viktige bedrifter har blitt avvikla dei siste åra. Høyanger kommune engasjerte Nordplan til å lage ein utomhusplan, som fyrste del av eit større arbeid med å snu trenden. Prosjektet sitt føremål er å utbetre Vadheim sentrum, for å invitere bedrifter og fastbuande til å etablere seg i bygda. Fokus har vore å tilrettelegge for opphald, god trafikkavvikling og tilkomst til fjorden.

Undervegs i prosessen vart det arrangert dialogmøte med både lokalt næringsliv og øvrige innbyggjarar. Møta gav innblikk i dagens situasjon og ei brei vifte av nye idear og visjonar for Vadheim. Oppgåva til Nordplan vart å sortere, fusjonere og supplere idéar og ynskjer for bygda og innarbeide desse i utomhusplanen. Det vart definert areal for bevegelse og opphald. Vidare vart det lagt opp til ei generell standardheving med oppgradert beleg, belysning og grønne områder. Nordplan har på bakgrunn av arbeidet utarbeida anbudsgrunnlag og reguleringsplan for området.

---

Byggherre:	Høyanger Kommune
Oppdrag:	Konseptfase og forprosjekt
Fagområde:	Stadutvikling, arkitektur, landskapsarkitektur, arealplanlegging
Stad:	Vadheim sentrum
År:	2017